



# Kyrkjebladet

for  
BYGLAND

Nr. 1

Påske 2015

72. årgang



Sandnes kyrkje ein fager vinterdag.

Foto: Olav Nilsen

**Dette kan du  
lese om i  
Kyrkjebladet:**

Andakt .....	s 2
Bygland sokneråd i gamle dagar .....	s 3–4
Bibeldagen 2015, Prestetenesta i Bygland - Bispevisitas. ....	s 4
Onsdagsklubb for 5. klassingar .....	s 5
Gudstenesterekke, Temadag på Revsnes .....	s 6
To er blitt tre, Påska i ord og tonar .....	s 7

# Påskendakt – Et levende håp

Prost Gunnar Ellingsen

For meg er påskens budskap sterkt knyttet til påskesalmene, med de flotte tekstene og melodiene. En av de mest kjente og kjære er salmen Påskemorgen slukker sorgen. Salmen er full av jubel og glede over Jesu oppstandelse. Med enkelt språk formidles påskens oppstandelsesbudskap. Mannen bak salmen, er den danske salmedikteren Nikolaj Frederik Severin Grundtvig. Han var en hardt prøvet mann. Men han nektes å la det negative prege livet hans, han ga aldri opp. Grundtvig elsket livet. Han gikk ikke med på å resignere. Derfor kjempet han seg gjennom det vonde og ble en talstark for det glade og frimodige livet som kristen. Salmen har underlig nok ikke noen høy status i dikterens eget hjemland, Danmark. Men hos oss ville vel påskegudstjenesten nesten være utenkelig uten salmen Påskemorgen slukker sorgen. Forklaringen på salmens popularitet er trolig Lindemans melodi. Den har gitt salmen en enestående posisjon i Norge. Melodien understrekker nettopp påskemorgens jublende budskap på en glimrende måte.

En av de sterke opplevelsene med denne salmen, er fra den tiden jeg var feltprest ved Garnisonen i Sør-Varanger og hadde ansvar for høytidsgudstjenesten 1. Påskedag i Kong Oscars II kapell i Grense Jakobselv. Veien dit ut pleide ikke å åpne etter vinterstengingen før etter påske. Derfor dro vi tidlig om morgenen avgårde med forsvarets beltevogner over fjellet. Og der ute i det gamle steinkapelle ved grensa til Sovjetunionen, som det het den gang, feiret vi gudstjeneste sammen. Vel vitende om at det kommunistiske regime på andre siden av grensa, noen få meter unna, i mange tiår hadde forsøkt å utslette det kristne budskap. Og vi sang



Påskemorgen slukker sorgen. Senere viste det seg at evangeliet hadde overlevd hos våre naboer, fordi bestemødrerne, Babushkaene, hadde holdt liv i budskapet ved å fortelle det videre til sine barnebarn. Et par år etter kollapsset Sovjetunionen, det nye Russland ble til og troen fikk bedre kåر. Da var jeg blitt sokneprest og fikk være med på å gjenåpne det ortodokse kapellet i Boris Gleb i Russland rett ved norgesgrensen. Det var en stor opplevelse. Sammen med våre russiske brødre og søstre kunne vi glede oss over at budskapet om den

tomme grav, budskapet om den oppstandne Jesus, budskapet om at Jesus lever, igjen kunne lyde fritt i Russland. Sangen var stek og klar og den som har opplevd korsangen i en ortodoks kirke, glemmer det aldri.

Budskapet om den tomme grav, budskapet om at Jesus lever, budskapet som forandret verden for 2000 år siden. Det budskapet er det samme i dag. Budskapet fra de som opplevde det store under den første påskemorgen, kan vi lese om i Bibelen. Ordene om at Jesus lever og gir oss et levende håp, har tent troen hos mennesker til alle tider.

"Jeg vet at min gjenløser lever". Disse ordene fra Jobs bok i Bibelen, som er et av temaene i Händels store komposisjon "Messias", bærer et sterkt vitnesbyrd. Job hadde i likhet med Grundtvig, møtt mye motgang, men gjennom sine mange kamper både med seg selv og med Gud, kunne han frimodig bekjenne: "Jeg vet at min gjenløser lever." Vissheten om at han var i Guds hender, holdt han oppe og ga ham en indre fred og glede.

Han som stod opp, han lever og han har lovet å være med oss alle dager inntil verdens ende. Det gir glede og trygghet. Jeg vet på hvem jeg tror og han jeg tror på, han lever. Og en dag skal han komme igjen. Derfor tror jeg på legemets oppstandelse og det evige liv. Fordi Jesus er sterkere enn døden. Dette budskapet skal vi få være med å bringe videre til alle mennesker. Og det trengs i en verden hvor det for mange er lettere å tro på reinkarnasjon og sjelenvandring, enn på legemets oppstandelse og det evige liv. Da er det den korsfestede og oppstandne Jesus vi skal peke på. Han som er veien, sannheten og livet.

*"Lovet være Gud, vår Herre Jesu Kristi Far,  
han som i sin rike miskunn har født oss på ny til et levende håp  
ved Jesu Kristi oppstandelse fra de døde", (1 Pet. 1,3)*

# *Bygland sokneråd i gamle dagar*

Foto: Lånt av Sigmund Lidi



# Bygland sokneråd rundt 1928

## Tekst: Svein Kleiwane

Det øvste biletet på side 3 er teken utanfor den gamle prestegarden.

Bak frå venstre: Gunnar Haugå, Jørund Kvaale, fru Birkelund, presten Birkelund. Dei to til høgre er ukjende.

Framme frå venstre: Gustein G. Skomedal, Jørund Såghus, Gunnar Nomeland, Olav M. Attestog

Det nedste biletet på side 3 er teken inne i Bygland kyrkje.

Bak frå venstre: Gunnar Haugå, Gunstein P. Lauvdal, presten Bolling, Aslak Lidi, Gunnar M. Skomedal.

Framme frå venstre: Olav M. Attestog, fru Bolling, Gunhild Såghus, Gunnar Nomeland, Gunstein G. Skomedal.

Sida det er ein annen prest på det nedste biletet kan det ha blitt teke noko seinare enn i 1928, men dette er noko uvisst.

Vi veit ikkje om desse bileta er teken

ved eit vanlig soknerådsmøte, eller ved eit meir høgtideleg høve. Det er i alle fall tydeleg at dei har dressa seg opp. Dersom det første er rett, gjev det klårt signal til dagens sokneråd. Her bør Knut Gakkstad og Gunnar Gautland skjerpa rutinane for sine undersåttar i høve antrekk!

Bileta og opplysningane har eg fått låne av den hittil lite kjende, men sterkt interesserte og kunnskapsrike lokalhistorikaren Sigmund Lidi.

# Bibeldagen 2015

## Tekst: Knut Gakkstad

Bibeldagen vart i år arrangert av Det Norske Bibelselskap 1.februar. I fjar gjekk støtta til biblar til Cuba, medan det er Egypt som får støtta i år. Egypt er det største muslimske landet i Midtausten med mest 90 millionar menneske. Det er omlag 12 millionar kristne i landet, dei fleste av dei hører til Den koptiske kyrkja.

Den koptiske kyrkja er den største kyrkja i Midtausten, i heile regionen er den kristne trua under sterkt press.

I 2015 ynskjer Bibelselskapet i Egypt å dele ut Lukasevangeliet til 100.000 skuleborn. Kvar bok kostar 8 kr å produsere. For litt over 300 kr. får ein

klasse med 40 elevar både Lukas-evangeliet og eit oppgåvehøfte.

Bibelselskapet i Egypt arrangerar 250 festivalar der over 200.000 born får eit møte med Bibelen gjennom dei.

20000 vaksne går på leseopplæringskurs som den Koptiske kyrkja driv, alle tekstene er henta frå Bibelen.

Sjølv om det kan vere vanskeleg å vere ein kristen i Egypt har Det egyptiske bibelselskapet opplevd at etter-spurnaden etter bibelen har auka mykje dei siste tretti åra.

Dei siste åra har det gått ei bibelvekk-

ing over Den koptiske kyrkja. "Vi rår alle familiar til å lesa i bibelen saman-kvar dag" seier Tawadros 2, paven i den eldgamle koptiske kyrkja.

Tenk om det same kunne hende i våre eigne kyrkjedalar!

Dersom du ynskjer å gje ei gåve til desse prosjekta eg har skriva litt om, kan du nyte kto. nr. 3000.16.16869.

Jesus seier det slik: Bruk pengane som det hefter så mykje urett ved, til å vinna dykk vener som kan ta imot dykk i dei evige heimane når pengane tek slutt. Luk.16.9

# Prestetenesta i Bygland - Bispevisitas

## Tekst: Prost Gunnar Ellingsen

Sokneprest Eiliv Lønningen har vore sjukemeldt sidan byrjinga av januar og han er sjukemeldt inntil vidare. Vi ynskjer han god betring. Eg har difor sett inn vikarar i denne perioden. Tidlegare kateket i Vennesla Lindy Eidem og sokneprest i Iveland Ivar Skippervold har delt på ansvaret for konfirmantane. Tidlegare sokneprest i

Iveland Thore Oustorp, sokneprest i Landvik Tom Martin Berntsen og eg har teke ansvar for gudstenestar. Når desse linjer skrivas held eg på med å finne vikarar til gudstenestane framover. I denne perioden har eg som prost ansvaret for prestetenesta i Bygland. Kyrkjeverja Olav Nilsen har og meirarbeid i denne perioden. Eg vil og takke

han og soknerådsleiarane for godt samarbeid. For tida arbeidar me mykje med Bispevisitasen i Bygland og Årdal sokn som vert onsdag 27. mai, torsdag 28.mai og sundag 31. mai. Me kjem attende med fyldigare program etterkvart. Då vonar me på fine dagar i Bygland.

# Onsdagsklubb for 5. klassingar

Tekst: Olav Nilsen, Tommy Greibesland Foto: Tommy Greibesland

Tommy Greibesland frå Byglandsfjord har som eit ledd i Trusopplæringsplanen starta opp ein klubb for 5. klassingar på Bygland. Det er fjorten 5. klassingar på Bygland skule, og på siste samling onsdag 4. mars kom det 2 gutter og 4 jenter.

Onsdagsklubben har hatt fleire samlinger allereie, og dei to neste samlingane i vår vert på KVS Bygland onsdag 8. april og onsdag 6.mai kl.18.00 - 19.30.

Alle 5. klassingar er hjarteleg velkomne!

Frå samlinga onsdag 4. mars har Tommy Greibesland skreve følgjande rapport:

Vi kjørte opp til Øvre Lidi til et jorde, hvor vi rigget oss til med ved og akebrett. De kunne ake fritt som de ville og såg ut til å kose seg. Så fyrte vi opp et bål

Vi satt oss etterhvert rundt bålet og hadde en andakt. Til andakt las jeg et stykke fra ei lita andaktsbok skrevet av Øyvind Andersen, Ved Kilden og prata litt utfra det. De stilte spørsmål og jeg svarte.

Etter pausen grilla vi pølser og koste oss.



Frå venstre Åsne Langfeldt, Roald Kvaale Skibsrud, Jorunn Skjevrak, Frida Heia og Synne Marie Frøysnes.



Frå venstre Jorunn Skjevrak og Synne Marie Frøysnes.



Ånund Homme Egge.

## BØNNEMØTER PÅ BYGLAND VÅREN 2015

Velkommen til bønn i Jesu navn.

Matt.7 v. 7-11: Be, og dere skal få. Let, så skal dere finne. Bank på, så skal det lukkes opp for dere.

1)Åraksbø Grendehus: Torsdag 26.mars. kl. 19.30

2)Vonheim Bygland: Torsdag 9. april kl. 19.30

3)Åraksbø Grendehus: Torsdag 23. april kl. 19.30

4)Åraksbø Grendehus: Torsdag 7. mai kl. 19.30

5)Vonheim Bygland: Torsdag 21. mai kl. 19.30

6)Åraksbø Grendehus: Torsdag 4. juni kl. 19.30

## BARNEMØTER MINIOR PÅ VONHEIM BYGLAND VÅREN 2015 (Bygland Sundagsskule)

Uke 10: MINIOR Vonheim: Torsd. 5. mars kl. 17.00-18.30

Uke 11: MINIOR Vonheim: Torsd. 12. mars kl. 17.00- 18.30

Uke 13: MINIOR Vonheim: Torsd. 26 mars kl. 17.00-18.30

Uke 15: MINIOR Vonheim: Torsd. 9. april kl. 17.00-18.30

Uke 17: MINIOR Vonheim: Torsd. 23 april kl. 17.00-18.30



VELKOMENTIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

### Sundag 29. mars

#### – Palmesundag

Hovatn kl. 12.00.

Friluftsgudsteneste. Sandnes kyrkje om veret blir ulageleg.

### Torsdag 2. april

#### – Skjærtorsdag.

Årdal kyrkje kl. 19.00.

Skjærtorsdagsgudsteneste felles for alle kyrkjelydane.

### Laurdag 4. april

#### – Påskeaftan

Austad kyrkje kl. 19.00.

Påska i ord og tonar.

Kollekt: Kyrkjemusikalsk arbeid.

### Sundag 5. april. – Påskedag

Bygland kyrkje kl. 11.00. Høgtidsgudsteneste. Påskelyset blir tent. Nattverd. Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap.

### Sundag 19. April

Bygland kyrkje kl. 11.00.

Høgmesse.

Takkoffer: KRIK.

### Sundag 26. april

Årdal kyrkje kl. 19.30 Konsert med Oddvar Høgevoll

### Sundag 3. mai

Årdal kyrkje kl. 17.00. Samtale-gudsteneste med konfirmantane. Takkoffer: Normisjon

### Torsdag 14. mai

#### – Helgetorsdag.

Sandnes kyrkje kl. 11.

Gudsteneste med konfirmasjon.

Takkoffer: Trusopplæringa.

### Sundag 17. mai

#### – Nasjonaldag

Årdal kyrkje kl. 11.00. 17. maigudsteneste.

Takkoffer: Vest-Agder sundags-skulekrets.

Etterpå felles 17.mai-feiring på Landskogen Fredssenter

### Sundag 24. mai

#### – 1. pinsedag.

Bygland kyrkje kl. 11.00.

Gudsteneste med konfirmasjon.

Takkoffer: Trusopplæringa.

### Måndag 25. mai

#### – 2. pinsedag.

Årdal kyrkje kl. 11.00.

Misjonsgudsteneste for alle kyrkjelydane. Dåp.

Takkoffer: Misjonsprosjektet.

### Sundag 31. mai.

Bygland kyrkje kl. 11.00 Visitas-gudsteneste ved biskop Stein Reinertsen. Kyrkjekaffi på Vonheim etter gudstenesta.

### Sundag 7. juni.

Årdal kyrkje kl. 11.00. Gudsteneste med konfirmasjon.

Takkoffer: Trusopplæringa.

### Sundag 21. juni

Sandnes kyrkje kl. 11.00.

Gudsteneste med nattverd.

Takkoffer: Israelsmisjonen.

### Sundag 28. juni

Tveitå kl. 12.00 Friluftsgudsteneste.

### Sundag 5. juli

KVS Bygland kl. 11.00. Familie-gudsteneste.

### Sundag 12. juli

Skåre kl. 12.00. Støyrlsgudsteneste.

### Onsdag 29. juli – Olsok

Sandnes kapell kl. 18.00. Olsok-gudsteneste for alle kyrkjelydane. Takkoffer: Misjonsprosjektet til kyrkjelydane.

Medbrakt kaffi/grillmat på neset nedanfor kapellet.

Prostidiakonen ønsker alle velkommen til

## Temadag om Livsmestring på Refsnes Hotell lørdag 25. april 2015 kl.09.30

Vi får besøk av Kjell Aanensen ([www.kjellaanensen.no](http://www.kjellaanensen.no)) Målsetting: Å gi livsnær undervisning til hjelp i vanlige folk sine liv og relasjoner. Undervisninga bygger på Bibelen, god menneskekunnskap og livserfaring. Visdom som kan gje et bedre liv, økt mestring i møte med utfordringer, og hjelp til å håndtere personlige og relasjonelle problemer.

Påmelding sendes til prostidiakon Anna Heggland på mail: [anna.he@online.no](mailto:anna.he@online.no)  
eller Mobil : 91382835 Det blir servert lunch, med kaffi og frukt mellom øktene. Pris: kr.350,-

## To er blitt tre

**20.11.14 - Bispedømmet har fått sin tredje prostidiacon. Sist torsdag vart Anna Heggland vigsla til diakon i Otredal prosti av biskop Stein .**



Det som starta som ein Vest-Telemark modell for diakoni i gris-grendte strok i 1985, er i dag blitt ein Agder og Telemark modell for nye diakonstillingar.

Ved sida av biskopen deltok desse i den høgtidelege handlinga. Prost Gunnar Ellingsen, sokneprest Ivar Sandnes, leiar i styret for Diakonisamarbeidet Astrid Nomeland, Oddny Jørgensen, Kirsten Heggland og prostdiakon Eilev Erikstein

På samlinga etterpå fekk den nyvigsla diakonen mange gode helsingar. Frå biskop, prost, Agder og Telemark Stift av Det Norske Diakonforbund, styreleiar i Diakonisamarbeidet Astrid Nomeland og mange andre frå dalen.

*Eilev Erikstein*

## Påska i ord og tonar i Austad kyrkje

**Laurdag 4. april 2015 kl. 19.00**

Tradisjonen tru vert det også i år ei påskesamling i Austad kyrkje, «Påska i ord og tonar».

Påskeaften er kvelden midt mellom lidinga og sigeren, og oppsummerer på mange måtar dei lange linjene i påska sine hendingar.

Det vert mellom anna lyrikk, påsketekstar frå Bibelen, orgeltonar og allsong.

Svein Kleivane, Tone Rysstad, Knut Gakkestad og Ian Richards er nokre av aktørane som garantert vil gje deg som finn vegen til denne samlinga ei flott oppleving.

Det vert eit rikt og variert program som vil sette oss alle i den rette påkestemninga.

Så hjartegleg velkommen er du, om du er hytteturist eller fastbuande, til vakre Austad kyrkje laurdag 4. april kl 19.00! Hildegunn Richards.

## KONTORTID TELEFONLISTE Kyrkjelydane i Bygland

Bygland kyrkjekontor, kommunehuset  
4745 Bygland ..... 37 93 47 00  
Telefaks ..... 37 93 47 01

**Soknepresten** kan treffast på kontoret etter avtale.  
E-post:  
[elonning@bbnett.no](mailto:elonning@bbnett.no)  
Måndag er presten sin fridag.

**Kyrkjeverja** har kontortid til følgjande tider:  
Tysdag ..... kl. 09.00–15.00  
Torsdag ..... kl. 09.00–15.00  
E-post: [kbnilsen@hotmail.com](mailto:kbnilsen@hotmail.com)

**Kyrkleg fellesråd og sokneråd**  
Bygland kyrklege fellesråd og  
Bygland sokneråd, leiar:  
Knut Gakkestad ..... Tlf.: 37 93 58 46  
Mobil: 948 80 383  
E-post: [knutgakkestad@yahoo.no](mailto:knutgakkestad@yahoo.no)

Årdal sokneråd, leiar:  
Gunnar Gautland ..... 908 25 928  
E-post: [ggautland@bygland.no](mailto:ggautland@bygland.no)

**Tilsette  
Sokneprest**  
Eiliv Bjarne Lønningen ... 907 83 210

**Kyrkjeverje**  
Olav Nilsen ..... 982 99 711

**Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes**  
Knut Gakkestad ..... 37 93 58 46

**Kyrkjetenar og klokkar, Årdal**  
Olav Sordal ..... 37 93 42 81

**Kyrkjetenar og klokkar, Bygland**  
Harry Andersen ..... 996 24 019  
E-post: [harry@mvh.no](mailto:harry@mvh.no)  
Svein Kleivane ..... 977 74 321

**Kyrkjetenar, Austad**  
Tore Moseid ..... 37 93 43 54

**Reinhaldarar**  
Tora Vegusdal  
(ansv. Årdal) ..... 37 93 41 34  
Maria Bue (Bygland) .... 37 93 53 70  
Thora Bakke Nordgarden  
(Sandnes) ..... 994 54 393

# B - BLAD

Returadresse: Setesdalstrykk a.s  
Kinovegen 16, 4735 Evje

DISTRIBUERT AV POSTEN NORGE  
**posten**  
NORGE P.P. PORTO BETALT



Vintermorgen på Longerak.

Foto: Olav Nilsen